



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Statens bygningstekniske etat
Postboks 8742 Youngstorget

0028 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
11/165-1 ITO

Dato
20 JAN 2011

Tildelingsbrev for 2011

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har treft for 2011, jf. Innst. 2 S (2010–2011), Innst. 16 S (2010–2011) og Prop. 1 S (2010–2011) *Kommunal- og regionaldepartementet*.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar for Statens bygningstekniske etat i 2011. Det vert òg gjort greie for kva inntekter som vert føresette i budsjetterminen, og kva satsingsområde og mål som skal gjelde for verksemda i 2011. Det vert lagt til grunn at føringar i tildelingsbrev frå tidlegare år vert vidareført, dersom ikkje noko anna er sagt i dette eller tidlegare tildelingsbrev.

Statens bygningstekniske etat har ansvar for å informere departementet om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalte med departementet eller i verksemda generelt. Dersom det oppstår avvik skal Statens bygningstekniske etat gjere framlegg om korrigerande tiltak. Statens bygningstekniske etat skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I Mål og resultat for 2011
- II Andre føringar frå departementet
- III Budsjettildeling for 2011
- IV Kalender for styringsdialogen og plan for rapportering
- V Relevante dokument

I MÅL OG RESULTAT FOR 2011

Statens bygningstekniske etat skal både bidra til utvikling av bygningspolitikken og bidra til gjennomføring av vedteken politikk. Ein viktig del av gjennomføringa er å rettleie kommunar og byggje- og anleggsnæringa. Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat prioriterer følgjande satsingsområde for 2011:

- Medverke til god implementering av nytt bygningsregelverk i kommunar og byggjenæring. Etaten skal gje god informasjon og rettleiing.
- Førebu gjennomføring av ei trygg og effektiv utflytting av avdeling for sentral godkjenning til Gjøvik og vidareutvikle og tilpasse nytt IKT-system for sentral godkjenning.
- Gje gode bidrag til melding til Stortinget om bygningspolitikken.
- Følgje opp resultat og kompetanse frå samarbeidsprogramma med byggjenæringa (Byggekostnadsprogrammet og Byggemiljø).
- Førebu nye forskriftskrav til energi gjennom innhenting av utgreiingsoppdrag og konsekvensanalysar.

Systemet for mål- og resultatstyring vert vidareført i 2011, men med endra rapporteringsfrekvens. All rapporteringa må, så langt det er mogleg, relaterast til same periode året før og til utviklinga frå førre rapportering. Ein føresetnad for mål- og resultatstyringa er at rapporteringa gjev ei vurdering av graden av måloppnåing. Ei oversikt over styringsparametrane finst i vedlegg 1. I tillegg kjem rapporteringskrava under kvart arbeidsmål.

I den felles målstrukturen for bustad- og bygningspolitikken gjeld følgjande mål for Statens bygningstekniske etat:

Hovudmål 3: Byggjeprosessen skal vere god og effektiv

Byggjesaksdelen av ny plan- og bygningslov vart saman med nye byggjeforskrifter sett i kraft 1. juli 2010. Statens bygningstekniske etat har i 2010 hatt ei viktig rolle i gjennomføring og implementering av nytt regelverk, og vil i 2011 framleis ha viktige oppgåver for å sikre god implementering av dei nye reglane. Reglane om uavhengig kontroll vert sette i kraft 1. juli 2011.

Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvenleg og målretta byggjesakshandsaming

Informasjon og kompetansebyggjande tiltak vil vere viktig også i 2011 for å sikre at nytt regelverk skal gje ønska effekt. Statens bygningstekniske etat skal prioritere informasjon og rettleiing om dei nye reglane høgt i 2011. Vidareutvikling og ferdigstilling av dei elektroniske rettleiarane vil vere ein viktig del av dette arbeidet. Det vil etter kvart vere aktuelt å vurdere nye temaretttleiarar og behov for oppdatering av gamle. Departementet ber om at etaten innan 1. juli 2011 klårgjer dette behovet som

grunnlag for prioritering og samarbeid med departementet og eventuelt andre instansar om innhaldet i rettleiarane.

Det vil i 2011 vere behov for mindre endringar og justeringar i forskriftene til ny plan- og bygningslov. Eit siktemål er at desse skal kunne setjast i kraft 1. juli 2011. Rammene for dette arbeidet er nærare gjort greie for i departementets brev av 7. desember 2010.

Departementet ønskjer å vidareføre samarbeidet med etaten om ei framtidsretta byggteknisk forskrift tufta på legalitetsprinsippet. Det vil kunne opne moglegheiter for meir effektiv utnytting av ny teknologi i sakshandsaminga, mellom anna regelsjekking ved bruk av BIM-teknologi (BygningsInformasjonsModell). Dette inneber at regelverket i større grad må gje minimumskrav, ikkje berre funksjonskrav. Departementet ber Statens bygningstekniske etat leggje fram ein utviklingsplan for dette arbeidet i 2011.

Dei nye byggjereglane har gjort det naudsynt med omfattande tilpassingar av ByggSøk, det nasjonale systemet for elektronisk kommunikasjon i plan- og byggjesaker. Departementet ber Statens bygningstekniske etat halde fram arbeidet med å ferdigstille ny versjon av ByggSøk med koplingar mot eksterne system, slik at ByggSøk framstår som ein effektiv og tenleg reiskap for kommunane og føretaka i byggjesakshandsaminga. Departementet ber etaten om at ei permanent driftsløysing vert inkludert i etatens arbeid med ein strategisk plan for ByggSøk.

Rapporteringskrav:

- Ferdigstilling og bruk av ny versjon av ByggSøk tilpassa ny lov og forskrift. Rapportering i 2. og 3. kvartalsrapport.
- Statens bygningstekniske etat presenterar strategisk plan for ByggSøk på det andre styringsmøtet.
- Ferdigstilling og bruk av elektroniske rettleiarar til nye forskrifter. Rapportering i 2. og 3. kvartalsrapport.

Arbeidsmål 3.2: Auka seriøsitet og færre byggfeil i byggjenæringa

Statens bygningstekniske etat skal gjennom informasjon og rettleiing til kommunane og byggje- og anleggsnæringa medverke til å nå måla om auka seriøsitet og færre byggfeil.

Departementet viser til at ordninga med obligatorisk sentral godkjenning av uavhengige kontrollføretak har fått utsett ikraftsetjing til 1. juli 2011. Det er avgjerande for ei trygg og god implementering at det er tilgjengeleg tilstrekkelege kompetente føretak som kan sikre effektiv kontroll med truverde og høg kvalitet. Statens bygningstekniske etat må derfor leggje særleg vekt på rettleiing av føretak og kommunar, og på effektiv handsaming av søknader. Departementet viser til at det i 2010 er investert i nytt IKT-system for den sentrale godkjenningsordninga. Tilsyn med

godkjente føretak skal halde fram for å nå målet om betre kvalitet i byggverk og føretak. Stadlege tilsyn skal vidareførast på same nivå som i 2010.

Departementet vil i 2011 intensivere samarbeidet med Justisdepartementet o.a. om tilstandsrapportar ved sal av bustad. I den samanhengen vil departementet ha trong for bistand frå Statens bygningstekniske etat, særleg i høve til spørsmålet om innhald og ansvar for ei autorisasjonsordning, jf. at det tidlegare er varsla at etaten kan tenkjast å ha ansvaret for ei slik autorisasjonsordning. Departementet vil drøfte omfanget av bistanden med etaten og vil kome attende med nærare bestilling av oppdrag i eige brev.

Statens bygningstekniske etat skal vidareføre tilsyn med byggjevermarknaden for å sikre at import av byggjeverer er underlagt god kontroll. EU sin "varepakke" trer i kraft i Noreg 1. januar 2011. "Varepakken" inneber mellom anna at medlemslanda i sterkare grad må forplikte seg til å føre marknadskontroll med handelsvarer. Nærings- og handelsdepartementet (NHD) har påteke seg oppgåva som varekontaktpunkt som skal svare på førespurnader frå verksemdar og styresmakter i andre EØS-statar om gjeldande tekniske reglar. Statens bygningstekniske etat må vere budd på å gje NHD informasjon om tekniske reglar o.a. på byggområdet innan korte tidsfristar. Omfanget og innretninga av etaten sin marknadskontroll skal ta utgangspunkt i føringane i "varepakken" og etaten sin strategi for tilsyn med byggjevermarknaden.

Ved ny byggteknisk forskrift (TEK10) er marknaden for tryggingkontroll med heisanlegg i drift delvis opna for konkurranse frå utanlandske føretak som mellombels ønskjer å tilby slike tenester i Noreg. Det er viktig at Statens bygningstekniske etat held auge med verknadene av dei omstillingstiltak som er gjort i samband med denne omlegginga, for raskt å fange opp eventuelle utilsikta verknader av endringane.

Statens bygningstekniske etat skal i 2011 halde fram med sin aktivitet i standardiseringsarbeidet både nasjonalt og internasjonalt. Departementet ber om at etaten medverkar til at standardar vert oppdaterte, og at nye standardar vert utvikla, mellom anna gjennom finansiering til Standard Norge. Gode og eintydige standardar er ein viktig føresetnad for gode byggjeprosessar og kvalitet i det bygde miljø, og som grunnlag for effektiv gjennomføring av uavhengig kontroll.

Departementet ber om at etaten etablerar ein møteplass mellom byggje- og eigedomsnæringa og sentrale departement med underliggjande etatar. Føremålet med møteplassen er å sørgje for godt samarbeid og informasjonsformidling om saker av felles interesse og skape ein arena der felles utfordringar kan diskuterast.

Statens bygningstekniske etat skal halde fram samarbeidet med næringa og andre offentlege aktørar i koordineringsutvalet for elektronisk samhandling i bygg- og anleggssektoren, om utvikling av standardar og bruk av elektronisk verkty for effektiv og trygg datautveksling. Departementet ber om at etaten i 2011 legg fram ein strategi for etaten sitt engasjement i utviklingsarbeid på dette området, særleg i høve til organisasjonen buildingSMART.

Statens bygningstekniske etat skal følgje opp resultat og kompetanse frå dei avslutta samarbeidsprogramma med byggjenæringa; Byggekostnadsprogrammet og Byggemiljø. Dette er òg utfordringar som i eit meir langsiktig perspektiv er sentrale i departementet sitt arbeid med melding om bygningspolitikken, som skal leggjast fram for Stortinget hausten 2011. Departementet ber derfor om at etaten held departementet løpande orientert om dei tiltak og planar etaten har for å følgje opp dette arbeidet i 2011 og framover.

Rapporteringskrav:

- Den sentrale godkjenningsordninga:
 - Implementering av nytt IKT-system. Rapportering i 1. og 2. kvartalsrapport.
 - Tal på godkjente kontrollføretak. Rapportering i kvartalsrapportane.
- Strategi for etaten sitt engasjement i utviklingsarbeid om standardar og bruk av elektronisk verkty, medrekna arbeid med organisasjonen buildingSMART. Frist til departementet er 31. desember 2011.

Arbeidsmål 3.3: Styrkt kompetanse og tilsyn i kommunane

Departementet viser til krava i nytt bygningsregelverk om auka kommunalt tilsyn med byggjeverksemda. Statens bygningstekniske etat skal halde fram arbeidet med rettleiing og informasjon slik at kommunane byggjer opp kompetanse om tilsyn. Dette skal bidra til at omfanget av feil og manglar i bustader, barnehagar, skule og andre bygg vert redusert. Kommunane er i ny Byggjesaksforskrift gjeve nye, særskilte tilsynsoppgåver mellom anna knytt til strategi og rapportering. Tilsyn med sluttdokumentasjon og avfallsplanar skal inngå i kommunane sine prioriterte tilsynsområde i ein 2 års periode frå 1. januar 2011. Det er viktig at kommunane raskt får god rettleiing om korleis dei på best måte kan gjennomføre dei nye tilsynsoppgåvene sine. Departementet har i brev av 9. desember 2010 gjeve kommunane påminning om dei nye reglane og nærare orientering om innhaldet i oppgåvene.

Statens bygningstekniske etat skal vidareføre kompetanseprogrammet for betre eigedomsforvalting i kommunane og fylkeskommunane (KoBE-programmet). Sjå også omtale under kapittel III Budsjettdeling for 2011 (kap. 587, post 22). Det er naudsynt med god kompetanse på dette området for å sikre at eigarar og forvaltarar skal kunne eige og drive bygga og eigedomsforvaltinga på ein effektiv måte. Departementet ber etaten fortsetje innsatsen for å styrkje kunnskapen til dei folkevalte og kommuneleiinga om eigedomsforvalting.

Departementet viser til brev frå Statens bygningstekniske etat av 6. desember 2010 der etaten gjer greie for status på avtala med Det norske Veritas om park- og tivolitilsyn. Etaten må sikre ei god tilsynsordning, og førebu eventuelle endringar i innretninga av tilsynsverksemda. Departementet vil kalle etaten inn til eit møte om saka tidleg i 2011.

Hovudmål 4: Fleire miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg på attraktive stader

Statens bygningstekniske etat har ei sentral oppgåve i å stimulere til ein berekraftig og varig kvalitet i bustader, bygg og bygde omgivnader. Dette skal mellom anna skje gjennom arbeid med utvikling av regelverket, informasjonsverksemd og støtte til forskning og utgreiingar.

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg

Statens bygningstekniske etat skal følgje opp *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009–2012*. Oppfølginga må i naudsynt grad verte samordna med Husbanken og andre viktige samarbeidsaktørar, som mellom anna Noregs vassdrags- og energidirektorat, Enova og Klima- og forureiningsdirektoratet. Informasjonsformidling, kompetansebygging i næringa og støtte til standardisering, fleire byggdetaljblad og utgreiingsprosjekt er viktige oppgåver i dette arbeidet.

Departementet viser til at samarbeidsprogrammet Byggemiljø vert avslutta i 2010. Statens bygningstekniske etat skal følgje opp resultat og kompetanse frå programmet. Departementet ber om at etaten sørgjer for at innhaldet i nettstaden til Byggemiljø vert vidareført på føremålstenleg vis og at relevant innhald vert integrert i dei nye nettsidene som Statens bygningstekniske etat har under planlegging.

Departementet ber om at Statens bygningstekniske etat held fram med å informere og spreie kompetanse om energi- og miljøkvalitetar i bygg, i samarbeid med mellom anna Husbanken og Enova. Etaten skal òg fortsetje samarbeidet med Lågenergiprogrammet, by- og bustadutstillinga FutureBuilt og samarbeidsprogrammet Framtidas byer i 2011.

Statens bygningstekniske etat skal vidareføre aktiviteten på viktige miljøområde som avfall og kjemikalier. Vidareutvikling av energikrava er høgt prioritert. Departementet viser til føringane som ligg i EU sitt bygningsenergidirektiv 2010/31, EU sitt energitenestedirektiv 2006/32/EC og EU sitt fornybardirektiv 2009/28/EC. Departementet viser òg til forslaga frå arbeidsgruppa om auka energieffektivitet i bygg som la fram rapport i august 2010. Departementet ber etaten om å førebu neste revisjon av energikrava i TEK gjennom innhenting av forskning og utgreiingar.

Statens bygningstekniske etat skal levere eit notat med alternative løysingar for å stille krav om energieffektivisering i byggtknisk forskrift til ulike kategoriar bygg. Notatet vil vere eit av grunnlaga for melding til Stortinget om bygningspolitikken. Etaten må også, i samarbeid med Husbanken, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Enova, gå gjennom verkemidla retta mot auka energieffektivisering i bygg og kome med ei vurdering av behov for betre samordning av desse og eventuelt korleis dette kan gjerast. Eit notat om dette skal leverast Kommunal- og regionaldepartementet og Olje- og energidepartementet som grunnlag for ei omtale i komande melding til Stortinget om bygningspolitikken.

Rapporteringskrav:

- Levere eit notat med moglege modellar for å stille krav om energieffektivisering i byggt teknisk forskrift til ulike kategoriar bygg. Frist til departementet er 1. april 2011.
- I samarbeid med Husbanken, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Enova levere eit notat med vurdering av behov for samordning av verkemidla for auka energieffektivisering i bygg. Frist til departementa er 1. april 2011.
- Rapportering på oppfølging av *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplanen for bustad- og byggsektoren 2009–2012*, inkludert strategi for vidare arbeid. Frist til departementet er 1. mai 2011.
- Rapportering på kor stor del av etaten sine midlar som går til miljørelaterte føremål, jamfør krav om innspel til Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon. Dette skal sendast til departementet saman med første innspel til Prop. 1 S (2011–2012).

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde

Statens bygningstekniske etat skal følgje opp tiltak i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009–2013.

Under handlingsplanen viser departementet særleg til oppfølginga av informasjonsprogrammet om universell utforming retta mot næringa og kompetanseprogrammet om universell utforming retta mot tilsette og politikarar i kommunar og fylkeskommunar. Statens bygningstekniske etat og Husbanken skal samarbeide om desse tiltaka. Statens bygningstekniske etat har framleis prosjektleiinga og sekretariatsansvaret for gjennomføringa av programma.

Vidare skal Statens bygningstekniske etat under same handlingsplan følgje opp eigen etatsvis handlingsplan for universell utforming og bidra inn i arbeidet med å etablere eit indikatorsystem for måling av universell utforming i bygningar, anlegg og uteområder. Det siste tiltaket skjer i samarbeid med både Husbanken og Statens kartverk. Indikatorane skal brukast i matrikkelen.

Etaten skal òg bidra i arbeidet med å planleggje den internasjonale konferansen om universell utforming saman med mellom anna Husbanken. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har hovudansvar for konferansen som etter planen skal arrangerast i Oslo i 2012.

Rapporteringskrav:

- Oppfølging av tiltak i handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009–2013. Departementet vil gje nærare frist for rapporteringa etter tilbakemelding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Effektiv og brukarorientert forvaltning

I tillegg til oppgaver under hovudmåla for bustad- og bygningspolitikken skal Statens bygningstekniske etat ivareta mål om ei effektiv og brukarorientert forvaltning.

Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Statens bygningstekniske etat skal syte for at det finst god og oppdatert informasjon til aktuelle brukarar på nettsidene til etaten. Departementet viser til krava i offentleglova med forskrifter om offentlig elektronisk postjournal. Departementet ber etaten om å syte for at krava vert oppfølgt.

Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgaver

Det er eit mål at budsjetteringa skal vere realistisk. Innspel til departementet om avvik og endringar skal gje gode forklaringar om føresetnadene som ligg til grunn for berekningane. Krava i reglementet for og føresegnene om økonomistyring i staten skal følgjast.

Departementet viser til at regjeringa har vedteke at avdelinga som driv med sentral godkjenning av føretak skal flytte til Gjøvik. Flyttinga skal skje innan 1. januar 2012. Statens bygningstekniske etat får fullmakt til å setje i gang og gjennomføre arbeidet med flytting innanfor dei reglar som gjeld for omstilling i staten. Fullmakta gjeld mellom anna arbeidet med å finne lokale i Gjøvik og naudsynte personalpolitiske tiltak, medrekna eventuell nyttilsetting. Departementet ber om å verte involvert i ein tidleg fase dersom det vert avvik i dette arbeidet. Når etaten skal inngå leigekontrakt i Gjøvik må det takast atterhald om auka driftsløyving i 2011. Departementet viser til at leigekontrakten for lokalet som Statens bygningstekniske etat no leiger varar ut 2011. Departementet ber etaten om å førebu arbeidet med å skaffe nytt føremålstenleg lokale for verksemda i Oslo. Departementet viser òg til tiltak B14 i handlingsplanen for universell utforming og auka tilgjenge.

Rapporteringskrav:

- Førebuing og gjennomføring av flytting til Gjøvik innan 1. januar 2012. Rapportering i kvartalsrapportane og elles ved behov.
- Plan for verksemda i 2011, medrekna overordna risikostyring. Frist til departementet er 1. kvartal 2011.

II ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

Kommunikasjon og informasjon

Alle verksemdar skal ha eit system for aktiv kommunikasjonsverksemd, både intern kommunikasjon, ekstern kommunikasjon til sine målgrupper og kommunikasjon med departementet.

Kommunikasjonsarbeidet i Statens bygningstekniske etat skal støtte opp under dei strategiane som gjeld for verksemda, og vere basert på gjeldande regelverk som offentleglova, ny statleg kommunikasjonspolitikk og forvaltningslova. Departementet oppfordrar til å praktisere meiroffentlegheit. Det er viktig at Statens bygningstekniske etat er lydhøyr og fangar signal i samfunnet som rører ved etaten si verksemd, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid.

Statens bygningstekniske etat skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av viktige utgreiingar eller rapportar som etaten har utført eller bestilt. Etablerte varslingsrutinar mellom Statens bygningstekniske etat og departementet må følgjast. Dette gjeld særleg i saker som kan verte store, både gode og vanskelege eller kontroversielle mediasaker, eller som kan skape stor merksemd i offentlegheita. Statens bygningstekniske etat skal ha tilfredsstillande planar for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del. Departementet ventar at Statens bygningstekniske etat gjer resultata som er oppnådde innanfor etatens politikkområde synlege, og at etaten tar kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing skal vere ein del av synleggjeringa.

Risikostyring og internkontroll

Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å gjennomføre risikoanalysar som eit ledd i si interne styring. Statens bygningstekniske etat skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå. Frist til departementet er innan utgangen av 1. kvartal 2010. Risikovurderingane skal relaterast til målstrukturen i verksemda og integrerast i mål- og resultatstyringa. Den årlege risikoanalysen skal vere eit grunnlag for risikovurderingane i rapporteringa til styringsmøta. Strategiplanar og større utviklingstiltak skal alltid byggje på risikovurderingar. Vurderingar som avslørar høg risiko for at mål ikkje vert nådde skal inkludere omtale av risikoreduserande tiltak, eventuelt må det gå fram at verksemda bevisst godtek den høge risikoen. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet.

Statens bygningstekniske etat skal ha system og rutinar for internkontroll. Det er viktig å identifisere risikofaktorar som kan medverke til manglande måloppnåing. Internkontroll gjeld òg om resultatinformasjonen er påliteleg og nøyaktig. Effektive interne kontrollsystem skal sikre at fastsette mål og resultatkrav vert følgd opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda vert drive i samsvar med god forvaltningsskikk, gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og anna relevant regelverk. Vidare er det viktig å ha fokus på å førebyggje og avdekkje moglege misleghald i forvaltninga av midlar. Departementet viser vidare til krava til intern kontroll i økonomireglementet for staten.

Departementet viser spesielt til at regelverket om offentlege innkjøp skal prioriterast høgt i verksemda. Etaten skal følgje regelverket.

Evalueringar

Statens bygningstekniske etat skal kontinuerleg registrere gjennomførte evalueringar på evalueringsportalen.no.

Informasjonstryggleik

Departementet er i gang med å etablere eit styringssystem for IKT-tryggleik (ISMS) basert på ISO 27001/27002. Departementet ønskjer å tilby desse styringsverktøya til underliggjande verksemdar når dei er ferdigstilte. Bruk av verktøya vil kunne bidra til at sektoren får ein meir heilskapleg styring av IKT-tryggleiken.

- Etatane skal som system- og informasjonseigarar ha eit dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT-system og informasjon skal klassifiserast og risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT-system/-løysingar skal, før dei vert sette i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Det vert anbefalt at tryggleiksarbeidet følgjer anerkjente standardar, som ISO 27001/27002.
- Hendingar som truer eller kompromitter IKT-tryggleiken skal rapporterast.

Informasjonstryggleikstyring vil verte eit tema i styringsdialogen.

Rapportering i samhøve med mållova

Departementet viser til § 8 i mållova om målbruk i offentleg teneste og § 6 i forskriftene til lova med krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma.

Departementet ber etaten om å rapportere på dette i årsmeldinga.

Etiske retningslinjer

Departementet viser til etiske retningslinjer for statstenesta som vart utarbeidd av Fornyings-, administrasjons og kyrkjedepartementet i 2005. Statens bygningstekniske etat er som ein del av statstenesta omfatta av desse retningslinjene. Kvar einskild verksemd må ha fokus på det etiske medvitet blant dei tilsette. Leiinga i verksemda har i samband med dette ei viktig rolle, både som initiativtakar og oppfølgjar.

Departementet ber etaten omtale arbeidet i årsmeldinga.

Personalpolitikk

Personalpolitikken i statleg sektor har som mål:

- å støtte opp om fornying og effektivisering av statleg sektor
- å rekruttere, utvikle og behalde kvalifiserte og motiverte medarbeidarar
- å tilby eit inkluderande arbeidsliv prega av mangfald

Inkluderande arbeidsliv

Departementet viser til den nye IA-avtala for perioden 1. mars 2010 til 31. desember 2013. I følgje den nye IA-avtala vert alle statlege verksemder utfordra til å setje eigne, nye mål som kan bidra til at staten og den einskilde verksemd når måla med IA-avtala.

Likestilling og mangfald

Likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a, diskriminerings- og tilgjengelova § 3 og arbeidsmiljølova kap. 13 inneheld eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemder om å gjere greie for likestilling og mangfald i verksemdene. Dette skal innarbeidast i årsrapporten til departementet og i Prop. 1 S.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet har gjeve ut ein ny rettleiar – *Veileder til statlige virksomheters likestillingsredegjørelser etter aktivitets- og rapporteringsplikten*. Departementet ber verksemdene følgje rettleiaren for si rapportering. Rettleiaren er vedlagt, jf. vedlegg 6.

Statens bygningstekniske etat må vurdere i kva grad det er føremålstenleg å rapportere på alle indikatorane. Rapporteringa bør ha ei kort forklaring på eventuell ulikskap. Det skal òg gjerast greie for tiltak som er sette i verk eller planlagde for å fremje likestilling og mangfald.

Mal som skal nyttast ved likestillingsrapporteringa for 2010 frå den einskilde verksemd

Departementet ber verksemdene nytte *Tabell 1: Registreringsskjema for tilstandsrapportering (kjønn)* (side 12-13 i rettleiaren) i staden for malen som tidlegare er brukt. Stillingskategoriar skal følgje statens lønsplanar. Verksemda vel sjølv kva stillingskategoriar dei ønskjer å nytte. Departementet har valt å slå saman stillingskategori 1-3 til ein kategori for sakshandsamarar (også inkludert kontortilsette). Avvik og spesialstillingar skal forklarast i fotnote. På dei rapporteringskriteria der Statens bygningstekniske etat ikkje har data skal det setjast ein strek.

Internasjonalt arbeid

Statens bygningstekniske etat skal ha god kjennskap til det internasjonale og det norske arbeidet med standardisering.

Statens bygningstekniske etat kan delta som fagstyresmakt i relevante komitear og arbeidsgrupper knytte til EU, EFTA og EØS. Etaten skal halde departementet orientert om dette arbeidet. I internasjonale organ, arrangement og møte som har ein politisk funksjon, eller der deltaking gjeld ivaretaking av norske interesser, skal departementet vere representert.

Det er særleg viktig at etaten har god kjennskap til pågåande arbeid i EU som kan få konsekvensar for politikkområda til departementet. Statens bygningstekniske etat skal utarbeide utkast til EØS-notat for departementet så snart etaten får kjennskap til at

Kommisjonen førebur forslag til nye EU-rettsakter som er relevante på det bygningspolitiske området, jf. retningsliner av 14. januar 2002. Statens bygningstekniske etat skal der departementet ber om det utarbeide utkast til EØS-posisjonsnotat som grunnlag for handsaming av saker i spesialutval for handelsforenklingar.

Etaten skal ta opp spørsmål av prinsipiell tyding med departementet og gje bistand til departementet ved implementering av rettsakter, og i saker som vert teke opp av ESA.

Tenestedirektivet, som i norsk rett er gjennomført i tenestelova, tredde i kraft 28. desember 2009. Etter kapittel VI i tenestedirektivet har norske styresmakter plikt til å samarbeide administrativt med tilsvarende styresmakter i andre EU- eller EØS-statar på direktivets område. Kommisjonen og medlemsstatane har for dette samarbeidet vedteke å nytte det elektroniske informasjonsutvekslingssystemet Internal Market Information System – IMI. Statens bygningstekniske etat har i ein overgangsperiode ansvaret for kontaktformidlinga gjennom IMI, slik etaten har gjort framlegg om i brev av 26. mai 2009.

Departementet ber Statens bygningstekniske etat om å sørge for å publisere oppdatert og relevant informasjon frå EU/EØS på nettsidene sine.

Statens bygningstekniske etat skal rapportere på det internasjonale arbeidet i kvartalsrapportane, og arbeidet vil vere tema på styringsmøta.

FoU

Departementet vil kalle inn Statens bygningstekniske etat og Husbanken til minst eit felles FoU-møte i 2011. Føremålet med møta er å planleggje og samkjøre arbeidet som departementet og etatane skal gjennomføre på FoU-området. Det første møtet vil vere i april.

Statens bygningstekniske etat skal halde departementet orientert om FoU-arbeidet, og større prosjekt skal avklarast med departementet på førehand. Etaten skal sende departementet ei kvartalsvis oversikt som omtaler alle FoU-opdrag som er planlagde eller sette i gang. Fristen er den same som for kvartalsrapportane. I oversikta over prosjekta må det kome fram status på oppdraget (sett i gang, kunngjort, planlagt), kva oppdraget går ut på (tema/føremål), kven som skal gjennomføre oppdraget, pris på oppdraget og tidspunkt for når det skal vere ferdig. Det må i oversikta også gå fram kor stor del av kap. 587, post 22 som er høvesvis bunde (inngått avtale om), kunngjort, planlagt eller ikkje avklart.

Alle forskingsrapportar som vert sendte til departementet, skal inkludere eit notat der Statens bygningstekniske etat gjev sine vurderingar og tilrådingar. Notatet skal sendast i framkant av offentleggjing av rapportane.

III BUDSJETTILDELING FOR 2011

Departementet viser til Innst. 16 S (2010–2011) og Prop. 1 S (2010–2011) *Kommunal- og regionaldepartementet*.

Følgjande utgifter og inntekter vert stilt til disposisjon for Statens bygningstekniske etat i 2011:

Utgifter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
587		Statens bygningstekniske etat	
	1	Driftsutgifter	55 800
	22	Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling	17 500

Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
3587		Statens bygningstekniske etat	
	4	Gebyr, sentral godkjenning føretak	29 600

Statens bygningstekniske etat er gjeve ei løyving på 55,8 mill. kr over kap. 587, post 1 Driftsutgifter. Løyvinga inkluderar drift av ordninga med sentral godkjenning av føretak for ansvarsrett i bygningssaker. Ordninga med sentral godkjenning skal vere til sjølvkost, jf. kap. 3587, post 4 Gebyr, sentral godkjenning føretak. Gebyret for sentral godkjenning av føretak er kr 1 900 per føretak per år.

Løyvinga på kap. 587, post 22 er på 17,5 mill. kr i 2011. Inntil 5 mill. kr på posten skal setjast av til arbeid innanfor KoBE-programmet.

Meirinntektsfullmakt

Statens bygningstekniske etat kan i 2011 overskride løyvinga på kap. 587, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarande meirinntekt på kap. 3587, post 4 Gebyr, sentral godkjenning føretak, jf. romartalsvedtak V i Innst. 16 S (2010–2011).

IV KALENDER FOR STYRINGSDIALOGEN OG PLAN FOR RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom Statens bygningstekniske etat og departementet består hovudsakeleg av styringsmøte og rapportering på mål og resultat for bestemte periodar. Departementet vil kalle inn til kvartalsvise styringsmøte i 2011. Møta vil verte haldne annankvar gang hjå departementet og etaten. Departementet vil i tillegg kalle inn til eit strategimøte, og vil i samråd med etaten finne tidspunkt for eit slikt møte.

Statens bygningstekniske etat skal oversende rapportering i framkant av styringsmøta. Fristar kjem fram av kalenderen for styringsdialogen i vedlegg 2. Etaten skal i rapporteringa gje ei vurdering av måloppnåing, og forklare eventuelle avvik. Det skal rapporterast på satsingsområda, hovud- og arbeidsmåla, styringsparametrar og anna rapporteringskrav. Vedlegg 1 har ei oversikt over styringsparametrane. I tillegg er det rapporteringskrav i kapittel I Mål og resultat for 2011. Departementet ber etaten om å merke seg at dette ikkje er ei uttømmande liste over kva som vil vere føremålstenleg for etaten å rapportere på. Departementet legg opp til at rapporteringa for 1. og 3. kvartal kan vere noko mindre omfattande og hovudsakleg knytt til styringsparametrane, dei konkrete rapporteringskrava og status på budsjett og rekneskap. Rapporteringa for 2. og 4. kvartal (halvårsrapporteringa) må vere meir omfattande og gje ei grundig vurdering av måloppnåing på alle områder. Departementet ber om at rapporteringa er fordelt på kjønn der dette er relevant. Etaten må synleggjere korleis tiltak på relevante felt verkar for, og vert fordelt mellom kjønna.

Departementet viser til omtale av FoU under kapittel II Andre føringar frå departementet. Etaten skal kvartalsvis gje ei oversikt og ei kort beskriving av forskings- og utgreiingsprosjekt på kapittel 587, post 22 Kunnskapsutvikling og informasjonsformidling.

Departementet viser til at Statens bygningstekniske etat skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå inkludert risikoreduserande tiltak, jf. omtale under kap. II Andre føringar frå departementet. Etaten skal oppdatere risikovurderingane i rapporteringa til styringsmøta. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal etaten rapportere til departementet umiddelbart. Risikobiletet, inkludert endringar, skal vere fast tema på styringsmøta.

Rapportering på mål og resultat (inkludert oppdaterte risikovurderingar) og gjennomgang av referat og oppfølgingspunkt frå førre møte er faste punkter på dagsorden på styringsmøta. Andre saker som ein av partane ønskjer å ta opp på styringsmøta skal som hovudregel meldast inn til den andre parten ei veke i framkant av møtet. Det skal i slike tilfelle følgje med eit notat som beskriv saka, inkludert eit forslag til konklusjon.

Departementet ber Statens bygningstekniske etat fortsetje å bidra i arbeidet med å utvikle styringsparametrar som kan gje eit føremålstenleg bilete på måloppnåinga. Dersom etaten har innspel er det fint om dei vert oversendte innan 1. oktober 2011.

Statens bygningstekniske etat skal utarbeide ei årleg framstilling av arbeidet sitt. Den førebelse årsmeldinga for 2010 skal vere departementet i hende seinast 10. februar 2011. Endeleg årsmelding skal oversendast departementet innan 31. mars 2011. Departementet vil syte for at ein kopi av årsmeldinga vert oversendt til Riksrevisjonen.

Departementet ber om at all korrespondanse Statens bygningstekniske etat har med Riksrevisjonen vert sendt med kopi til departementet.

Budsjettarbeidet går over heile året. Statens bygningstekniske etat skal gje innspel til departementet til dei ulike budsjetttrundene gjennom året. Tentative fristar kjem fram av vedlegg 2. Departementet vil kome tilbake til endelege fristar og opplegg for innspel i eigne brev. Departementet ber om at etaten sender inn kopi av kassarapportane til departementet ved Bustad- og bygningsavdelinga, Økonomi- og etatsstyringsseksjonen den påfølgande månaden, jf. fristar i vedlegg 2.

Statens bygningstekniske etat kan òg verte bedd om bidrag og bistand utover det ordinære budsjettarbeidet og verksemdsrapporteringa. Dette kan mellom anna gjelde svar til Stortinget, i arbeid med meldingar og proposisjonar til Stortinget, og ved einskildsaker.

Departementet viser til vedlegg 5 om felles retningslinjer for offentlege verksemdar. Alle fellesføringane skal følgjast opp innanfor budsjetttrammene for 2011.

V RELEVANTE DOKUMENT

- Prop. 1 S (2010–2011) *Kommunal- og regionaldepartementet*, jf. Innst. 16 S (2010–2011)
- Prop. 1 S (2010–2011) *Statsbudsjettet (Gul bok)*
- Meld. St. 1 *Nasjonalbudsjettet 2011*, jf. Innst. 2 S (2010–2011)
- Prop. 1 S (2010–2011) *Miljøverndepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Olje- og energidepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Justis- og politidepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Kunnskapsdepartementet*
- Prop. 1 S (2010–2011) *Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet*
- *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009–2012*
- *Noreg universelt utforma 2025 – Regjeringas handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009–2013*
- Reglementet for og føresegnene om økonomistyring i staten

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

- 1. Opplegg for mål- og resultatstyring i 2011**
- 2. Kalender for styringsdialogen i 2011**
- 3. Budsjettfullmakter**
- 4. Personalfullmakter**
- 5. Felles retningslinjer for offentlege verksemder**
- 6. Rettleiar for rapportering på likestilling**

Kopi til:

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet

Finansdepartementet

Husbanken

Husleietvistutvalget

Miljøverndepartementet

Riksrevisjonen

Vedlegg 1: Opplegg for mål- og resultatstyring i 2011

Styringsparametrane i tabellen nedanfor vil vere eit viktig grunnlag for tertialrapporteringa etaten skal levere i framkant av styringsmøta. Departementet viser òg til rapporteringskrava under kvart arbeidsmål, sjå kapittel I Mål og resultat for 2011.

MÅL OG RESULTAT I 2011	HYPPIGHEIT/ TIDSPUNKT
Arbeidsmål 3.1: Meir brukarvenleg og målretta byggjesakshandsaming	
<i>Styringsparametrar</i>	
Grad av tilfredsheit blant brukarane.	4. kvartal 2011
Tal på opplæringskonferansar med deltaking frå KRD/BE.	Kvartalsvis
Søknader laga på ByggSøk-bygning. Måлтаlet i 2011 er 70 000.	Kvartalsvis
Søknader laga på ByggSøk-bygning som er sendte inn elektronisk. Måлтаlet for 2011 er 20 000.	Kvartalsvis
Delen av byggesakar totalt handsama i ByggSøk. Måлтаlet for 2011 er 60 pst.	Kvartalsvis
Talet på kommunar som tek imot byggjesøknader elektronisk. Måлтаlet for 2011 er 300.	Kvartalsvis
Arbeidsmål 3.2: Auka seriøsitet og færre byggjefeil i byggjenæringa	
<i>Styringsparametrar</i>	
Talet på sentralt godkjente føretak (kontrollføretak som eigen kategori).	Kvartalsvis
Talet på godkjente føretak som vert følgt opp (fordelt på type tilsyn).	Kvartalsvis
Talet på tiltak finansiert av og konferansar arrangert med deltaking frå KoBE.	Kvartalsvis
Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg	
<i>Styringsparametrar</i>	
Tal på tilsyn i høve til energibruk og andre miljøtema.	Kvartalsvis
Tal på FoU-prosjekt om ulike miljøtema.	Kvartalsvis
Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde	
<i>Styringsparametrar</i>	
Tal på besøkande på nettstaden "Universell utforming bustad og bygg" på etaten sin eigen nettstad.	Kvartalsvis
Talet på kommunar og deltakarar som har delteke på programma for universell utforming retta mot kommunar og byggjenæringa	Kvartalsvis

Vedlegg 2: Kalender for styringsdialogen i 2011

Månad	Rapportering/møte	Tidspunkt
Januar	Innspel til statsrekneskapen for 2010*	14. januar*
Februar	Elektronisk kopi av kassarapport for januar Rapportering for 3. tertial og førebels årsmelding 2010	10. februar
Mars	Elektronisk kopi av kassarapport for februar Innspel til tilleggsløyvingar og omprioriteringar (RNB)* Styringsmøte. Tema er m.a. årsmelding og årsrekneskapen 2010 Endeleg årsmelding for 2010	1. mars* 1. mars 31. mars
April	Elektronisk kopi av kassarapport for mars Rapportering for 1. kvartal 2011	29. april
Mai	Elektronisk kopi av kassarapport for april Styringsmøte. Tema er m.a. rapporteringa for 1. kvartal Innspel til førsteutkast til Prop. 1 S (2011–2012)	13. mai 13. mai*
Juni	Elektronisk kopi av kassarapport for mai	
Juli	Elektronisk kopi av kassarapport for juni	
August	Elektronisk kopi av kassarapport for juli Rapportering for 2. kvartal 2011 Utkast til Prop. 1 S (2011–2012) vert lagt fram for BE for merknader/oppdatering av rapportering på aktivitet Styringsmøte. Tema er m.a. rapporteringa for 2. kvartal	3. august 10. august* 16. august
September	Elektronisk kopi av kassarapport for august Innspel til nysalderinga i haustsesjonen*	23. september*
Oktober	Elektronisk kopi av kassarapport for september Rapportering for 3. kvartal 2011	28. oktober
November	Elektronisk kopi av kassarapport for oktober Styringsmøte. Tema er m.a. rapporteringa for 3. kvartal Innspel til innsparingstiltak (2013-budsjettet)* Innspel til nye store satsingar (2013-budsjettet)*	11. november 15. november* 15. november*
Desember	Elektronisk kopi av kassarapport for november Innspel til konsekvensjustering (2013-budsjettet)*	20. desember*

*Dette er en tentativ frist. Endeleg frist vert gjeve i eige brev på eit seinare tidspunkt.

Vedlegg 3: Budsjettfullmakter

BUDSJETTFULLMAKTER FOR KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTETS UNDERLIGGENDE VIRKSOMHETER I 2011

Budsjettfullmaktene er ajourført i henhold til endringer i Bevilgningsreglementet vedtatt av Stortinget 26. mai 2005, og i henhold til bevilgningsreglementet vedtatt i kgl. res av 2. desember 2005.

Med hjemmel i denne resolusjonen har Finansdepartementet i Rundskriv R-110/2005 av 5. desember 2005 fastsatt departementenes fullmakter til å gjøre unntak fra enkelte av bevilgningsreglementets hovedprinsipper. I tillegg er det redegjort for fullmakter som ikke delegeres til departementene, men som åpner for at departementene kan søke om samtykke fra Finansdepartementet i enkeltsaker, jf. punkt 3 i rundskrivet.

Lenken til Finansdepartementets rundskriv er:

http://www.regjeringen.no/upload/kilde/fin/rus/2002/0013/nb_/pdfv/266362-r-110_2005.pdf

1. Nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Inntekter fra salg av brukt utstyr kan nettoføres på post 1 Driftsutgifter med inntil 5 pst. av bevilgningen på den aktuelle posten.

Salgsinntektene må skrive seg fra utskiftninger som er ledd i en rutinemessig fornyelsesprosess. I praksis vil dette gjelde inntekter fra salg av utstyr som er av en slik art at det ved anskaffelsen skal dekkes under post 1 Driftsutgifter.

Salgsinntektene skal føres til kredit på underpost 1-21. Føringsen må gjøres slik at det er mulig å kontrollere at grensen på 5 pst. ikke overskrides.

Statens bygningstekniske etat gis fullmakt for 2011 til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr.

2. Fullmakt til å inngå leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester utover budsjettåret

Hovedregelen i den nye § 6 første ledd første setning er at staten bare kan pådras forpliktelser som først skal dekkes etter utløpet av budsjettåret når Stortinget har gitt særlig samtykke til dette. Etter samme paragraf, annet ledd, kan Kongen likevel på visse vilkår gi bestemmelser om adgang til å inngå leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester utover budsjettåret.

Med hjemmel i kongelig resolusjon av 2. desember 2005 gis departementene fullmakt til å samtykke i at det inngås leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester utover budsjettåret på følgende vilkår:

a) Leieavtalene og avtalene om kjøp av tjenester må gjelde den ordinære driften av statlige virksomheter.

b) Utgiftene i forbindelse med avtalene må kunne dekkes innenfor et uendret bevilgningsnivå på vedkommende budsjettpost i hele avtaleperioden.

c) For alle avtaler utover ett år må behovet for oppsigelsesklausuler *nøye* vurderes.

Hensynet til den framtidige handlingsfriheten skal veie tungt ved vurderingen. Det vises for øvrig til bevilgningsreglementet § 10 første ledd, der det blant annet kreves at utgiftsbevilgninger skal disponeres på en slik måte at ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til de forutsatte resultater, samt til et lignende krav i økonomireglementet § 4. Disse bestemmelsene innebærer på foreliggende område både et krav om å vurdere mulige alternativer til leie og kjøp av tjenester, og til utformingen av vilkårene i eventuelle avtaler om leie og kjøp av tjenester.

Statens bygningstekniske etat gis fullmakt for 2011 til å inngå leieavtaler og avtaler om kjøp av tjenester utover budsjettåret.

3. Overskridelse av driftsbevilgning mot tilsvarende merinntekter

Hovedregelen i bevilgningsreglementet § 5 annet ledd første setning er at det ikke er adgang til å overskride et bevilget utgiftsbeløp.

3.1 Generelt – Merinntektsfullmakt 2011

Det vises til Prop. 1 S (2010-2011), romertallsvedtak II der det er foreslått merinntektsfullmakt for alle virksomheter.

Samtykket gis på postnivå, slik at det er samlet merinntekt på inntektsposten som kan begrunne overskridelse av korresponderende utgiftspost. Dette må påvises i forklaringene som sendes inn til statsregnskapet.

De aktuelle merinntekter må ligge innenfor virksomhetens mål og oppgaver, og må ellers tilfredsstille de krav som er fastsatt.

3.2 Merinntekter i form av refusjoner o.l.

Merinntekter som gjelder refusjoner (f.eks. fødsels/adopsjonspenger, sykepenger og arbeidsmarkedstiltak) vil gi grunnlag for overskridelse uten særskilt samtykke.

Statens bygningstekniske etat gis fullmakt for 2011 til å overskride driftsbevilgning mot tilsvarende merinntekter.

4. Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de tre følgende budsjetterminer

Som hovedregel er det ikke adgang til å overskride et bevilget utgiftsbeløp, jf. bevilgningsreglementet § 5.

I henhold til § 11 fjerde ledd nr. 3 kan imidlertid Kongen gi bestemmelser om overskridelse av driftsbevilgninger med inntil 5 pst. til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i løpet av de tre følgende budsjettår.

Med hjemmel i kgl.res av 2. desember 2005 er departementet gitt fullmakt til å overskride driftsbevilgninger (post 1 Driftsutgifter) med inntil 5 pst. til investeringsformål på følgende vilkår:

- a) Posten 1 Driftsutgifter kan overskrides med inntil 5 pst. til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i løpet av de tre følgende budsjetterminer.
- b) Innsparingen må utgjøre minst en tredjedel av overskridelsen i første påfølgende budsjettår og minst to tredjedeler av samlet overskridelse ved utløpet av andre budsjettår. Innsparingen må skje under de driftsposter som ble overskredet.
- c) Overskridelsen må gå til dekning av utstyrsanskaffelser eller bygningsmessige arbeider.

Statens bygningstekniske etat kan eventuelt søke Kommunal- og regionaldepartementet om fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de tre følgende budsjetterminer.

5. Overføring av ubrukt driftsbevilgning fra et år til neste

I henhold til Bevilgningsreglementet § 5 tredje ledd kan ubrukt utgiftsbevilgning overføres til etterfølgende budsjettår med inntil 5 pst av bevilgningen.

Departementet vil, etter at Finansdepartementet har godkjent overføring av ubrukt bevilgning til etterfølgende budsjettår, stille til disposisjon det beløp den underliggende virksomheten skal ha rådighet over i eget brev.

6. Kontroll

Departementet skal føre kontroll med at fullmaktene benyttes etter forutsetningene og det tas skriftlig forbehold om at samtykket ellers kan trekkes tilbake.

I denne forbindelse skal underliggende etater i forklaringene til statsregnskapet dokumentere at foretatte disposisjoner er innenfor gitte fullmakter.

Vedlegg 4: Personalfullmakter

PERSONALFULLMAKTER FOR KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTETS UNDERLIGGENDE VIRKSOMHETER 2011

1. Ansettelser, opprettelse av stillinger og lønnsfastsettelse

1.1 Ansettelser, fullmakt til å opprette nye stillinger og fastsette lønn, delegeres til den enkelte virksomhet, i den grad annet ikke er bestemt ved lov eller fremgår av unntakene nedenfor.

1.2 Beslutning om å opprette stillinger fastsettes av virksomhetsleder.

2. Toppledere

2.1 Departementet foretar ansettelser i topplederstillinger.

2.2 Departementet saksbehandler og avgjør også alle saker knyttet til topplederens arbeidsforhold, for eksempel angående:

- alle typer permisjoner (utdanningspermisjon, velferdspermisjon mv.)
- alle typer lønnsjusteringer (både midlertidige og permanente)

3. Fullmakt til å føre lokale lønnsforhandlinger

Det fremgår av hovedtariffavtalen hvilke virksomheter som har fullmakt til å føre lokale forhandlinger.

Departementet har forhandlingsfullmakten for de etatene som ikke har egen fullmakt. Forhandling føres etter at det er gjennomført forberedende forhandlinger i disse etatene.

4. Utdanningspermisjon med lønn

Samtlige av departementets underliggende virksomheter som selv ivaretar sin personaladministrasjon, delegeres fullmakt til å innvilge utdanningspermisjon med lønn inntil ett år i, samsvar med statens sentrale retningslinjer.

5. Fullmakter ved erstatning til statsansatte for skade på eller tap av private eiendeler i forbindelse med tjenesten

Departementet gir Statens bygningstekniske etat fullmakt til å fatte vedtak om erstatning på inntil kr. 30.000,- til statsansatte for skade eller tap av private eiendeler i forbindelse med tjenesten.

For øvrig skal erstatningskrav sendes Kommunal- og regionaldepartementet. Erstatninger utover kr 30.000,- skal forelegges Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet via Kommunal- og regionaldepartementet.

6. Fullmakter ved erstatningskrav mot staten

Dette gjelder krav mot staten om erstatning på grunnlag av alminnelige erstatningsregler. Unntatt fra reglene er ansvar i kontraktsforhold og ansvar i forbindelse med statens forretningsdrift.

Eventuelle krav om erstatning skal sendes Kommunal- og regionaldepartementet.

7. Fullmakt til å godkjenne søknader vedrørende regulativet for reiser innenlands for statens regning

Fullmakten gjelder myndighet til å godkjenne søknader vedrørende regulativet for reiser innenlands dekket innenfor Statens bygningstekniske etats eget budsjett. Innvilgningen må gis i samsvar med retningslinjene i Personelhåndboken.

8. Fullmakt til å godkjenne søknader vedrørende regulativet for reiser utenlands for statens regning

Fullmakten gjelder myndighet til å godkjenne søknader vedrørende regulativet for reiser utenlands dekket innenfor Statens bygningstekniske etats eget budsjett. Innvilgningen må gis i samsvar med retningslinjene i Personelhåndboken.

9. Fullmakt til å godkjenne søknader vedrørende flyttegodtgjørelse

Fullmakten gjelder myndighet til å godkjenne søknader vedrørende flyttegodtgjørelse dekket innenfor Statens bygningstekniske etats eget budsjett. Innvilgningen må gis i samsvar med retningslinjene i Personelhåndboken.

10. Fullmakt til å tilstå arbeidsgiverfinansiert elektroniske kommunikasjonstjenester

Fullmakten gjelder myndighet til å avgjøre hvem i Statens bygningstekniske etat som tilstås arbeidsgiverfinansiert elektroniske kommunikasjonstjenester dekket innenfor virksomhetens eget budsjett. Tildeling av elektroniske kommunikasjonstjenester må gis i samsvar med retningslinjene i Statens Personelhåndbok, pkt. 10.2 elektroniske kommunikasjonstjenester (telefon mv.).

Vedlegg 5: Felles retningslinjer for offentlige verksemder

1. *Inkluderende arbeidsliv*

”IA-avtalen krever at deltakende virksomheter skal forebygge og redusere sykefravær, styrke jobbnærvær og hindre utstøting og frafall fra arbeidslivet. Virksomhetene skal sette aktivitets- og resultatmål for å redusere sykefraværet, øke sysselsetting av personer med nedsatt funksjonsevne, og stimulere til at yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlenges med seks måneder.

Virksomhetene skal i årsrapporten systematisk beskrive sine egne aktivitets- og resultatmål, samt redegjøre for resultatoppnåelsen og de aktivitetene som støtter opp under denne.”

2. *Brukerundersøkelser*

”Alle statlige etater skal innenfor rammen av budsjettet regelmessig gjennomføre brukerundersøkelser. Resultatene skal være offentlige.

Alle statlige virksomheter skal i årsrapporten rapportere om de har gjennomført brukerundersøkelser og gjort dem offentlig tilgjengelige. De som ikke gjennomfører brukerundersøkelser i 2011, skal rapportere om når slike undersøkelser vil finne sted. Overordnet departement videresender rapporteringen samlet til FAD så snart som mulig i 2012.”

Fellesføringen er en oppfølging av en tilsvarende føring for 2010.

3. *Lærlinger i staten*

”Den enkelte virksomhet skal vurdere hvilke lærefag som kan være aktuelle for virksomheten. På bakgrunn av denne vurderingen bør det, innenfor virksomhetens rammer, legges til rette for inntak av lærlinger med mål om økning av antallet lærlinger sammenlignet med 2010.

Hver virksomhet skal i årsrapporten rapportere om hvilke lærefag som vurderes som aktuelle og antall lærlinger fordelt på lærefag. Det vises for øvrig til [Statens personalhåndbok kap. 9.10 Særavtale om lønns- og arbeidsvilkår for lærlinger og lærekandidater i staten](#).”

4. *Statistikk for antall arbeidsplasser*

”Underliggende virksomheter skal i sine årsrapporter omtale statistikk over utviklingen i antall arbeidsplasser i de deler av landet hvor virksomheten er lokalisert”.

5. *Tilgjengeliggjøring av offentlige data*

”Etatene skal gjøre egnede og eksisterende rådata tilgjengelige i maskinlesbare formater. Dette gjelder informasjon som har samfunnsmessig verdi, som kan

viderebrukes, som ikke er taushetsbelagte og der kostnadene ved tilgjengeliggjøring antas å være beskjedne (bortfall av inntekter ved salg av data anses som en kostnad). Formater og bruksvilkår må være i overensstemmelse med [Referansekatalogen](#) og FADs føringer på nettstedet data.norge.no. Informasjon om hvilke rådata som er tilgjengelige, skal publiseres på virksomhetens nettside. Dette bør ses i sammenheng med registrering av datasett på nettstedet data.norge.no.

Etater som vurderer å etablere nye eller å oppgradere eksisterende publikumstjenester med utgangspunkt i rådata, skal normalt gjøre disse rådataene offentlig tilgjengelige i maskinlesbare formater, dersom ingenting er til hinder for slik tilgjengeliggjøring av rådata. Før virksomheten eventuelt selv etablerer nye publikumsløsninger basert på rådata, må det vurderes om det er mer kostnadseffektivt å tilgjengeliggjøre rådata i maskinlesbare formater som grunnlag for at andre kan utvikle tjenester. Det skal fremkomme av årsrapporten hvilke data som er gjort tilgjengelige. Dersom publikumstjenester blir etablert uten tilgjengeliggjøring av rådata, skal dette begrunnes i årsrapporten”.

Alle fellesføringene skal følges opp innenfor budsjettammene for 2011.

Vedlegg 6: Rettleiar for rapportering på likestilling

Rettleiaren finst òg på nettsidene til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet:

www.regjeringen.no/nn/dep/fad/dokument/retteiingar-og-brosjyrer.html